

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven Sokneråd 10. november 2015
Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30

Desse møtte: Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre, Liv Nordli Hole, Bjørg Djupvik Grebstad
May Lisbeth Hovlid Aurdal, Janne Beate Svindseth og Knut Henning Aursnes.

Sak 32/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 33/15 Godkjenning av referat frå møte 13.10.2015

Vedtak: referatet er godkjent.

Sak 34/15 Støtte til ungdomar som vil reise på inspirasjonssamlingar.

AU meiner at Sykkylven sokneråd bør støtte økonomisk våre ungdomar som ynskjer å reise på inspirasjonssamlingar (leir, leiartrening mm)

Vedtak:

Sykkylven sokneråd gjev kyrkjeverjen mandat til å vurdere søknad frå ungdomar som ynskjer å reise på slike arrangement og refundere reisekostnadane.

Sak 35/15 Skilt for Kyrjekontoret

Både kyrkjeverjen og andre i staben opplever rett som det er at folk, også enkelte «innfødte», er usikker på kvar Kyrjekontoret held til. Av den grunn foreslår eg skilting på veggen mot vegen (trappeoppgangen til kontorfløya). Kyrkjeverjen la dette fram på sist stabsmøte, og fikk fult gehør for dette. Kostnaden for eit slikt skilt kjem på om lag kr. 2-3000,- og vil være ein kostnad som blir tillagt fellesrådsdrifta. Bilde vart vist på møte.

Vedtak:

Sykkylven sokneråd vedtok å gi kyrkjeverjen fullmakt til å henge opp skilt for Kyrjekontoret. Soknerådet ber utsmykkingsnemnda om å utarbeide forslag til plassering og utforming/materialval av skiltet. Teksten bør vere:

DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven


Kyrjekontoret

Sak 36/15 Knelepute for bruk ved vigsel

Endringane av frontpartiet i kyrkjerommet gir grunnlag for å finne ei løysing på knelepute for brudeparet ved vigsel.

Vedtak:

Sykkylven sokneråd ber utsmykkingsnemnda om å utarbeide eit forslag på knelepute for brudeparet ved vigsel.



Sak 37/15 Ny plassering av mixepult

Det nye lydanlegget er no tatt i bruk, men plasseringa av mixepulten er berre midlertidig.

Nokre viktige forhold ein kan peike på:

- Lyd er viktig og blir meir og meir viktig. Sentral plassering er derfor viktig og kan i stor grad forsvarast med at dess større arrangementet dess større behov er det for lydteknikk av både høg kvalitet og funksjonalitet. Med andre ord; dess fleire sitteplassar ein har behov for dess større «plass» må settast av til lydteknikk.
- Kyrkja, og kyrkjerommet, er eit heilt spesielt bygg/rom som absolutt er eit kulturbygg i ei bygd med eit rikt song- og musikkliv. Dette ser vi ved all den flotte songen og musikken vi har i gudstenestene, gravferdene, vigslane og konsertane. Like fullt er kyrkjerommet eit heilt spesielt rom med sine symbolikkar og retningslinjer som gjer at det er til forskjell frå eks. Sykkylven kulturhus. Dette vil kunne medføre nokre kompromissar.
- Lyd-/lys-/bildeutstyr er både avansert og kostbart og må derfor beskyttast mot utilsikta skader og justeringar når det ikkje er i bruk.
- Eit mål er at det nye song- og taleanlegget skal vere av ein slik kvalitet, profesjonalitet og funksjonalitet at det ikkje i nemneverdig grad skal være behov for montering/rigging av eige/eksternt anlegg ved eksempelvis ein større konsert.
- Eit anna mål er å lære opp/utdanne «eigne» lydteknikarar som inngår som ein «lydpakke» i samband med utleige til konsertar etc. Dette sikrar m.a. god kontroll og vedlikehald av eige utstyr, og vil være med på å forsvare/ tilbakebetale kostnadene med desse investeringane.

Vedtak:


Sykkylven sokneråd ser behovet for ei ny og betre plassering av miksepulten for tale- og songanlegget. Kyrkjeverjen bes difor innhente forslag på løysing og handsame dette vidare i utsmykkingsnemnda før endeleg forslag blir lagt fram for vedtak i soknerådet.

Sak 38/15 Podium og lydanlegg i kyrkjekjellaren

Det tidlegare songanlegget i kyrkjerommet står no, inntil vidare, plassert på lager. Dette vil kunne brukast i kyrkjekjellaren. I samband med det foreslår AU å plassere inne eit podium på om lag 15 cm høgde for både å definere tydeligare frontpartiet, samt å løfte opp det som skal skje der framme. AU foreslår også å flytte lerretet vekk frå podieområdet for å unngå konflikt mellom tekst/bilde på skjerm og f.eks. kor/forsongarar. Ny plassering foreslås på veggen til høgre for dagens plassering.

Vedtak:

Sykkylven sokneråd ber kyrkjeverjen om å administrere flytting av lerretet i kyrkjekjellaren. Ny plassering blir på veggen til høgre for lerretet.



Sykkylven sokneråd

Kyrkjeverjen bes også om å administrere montering av songanlegget (som før var montert i kyrkjerommet) i kyrkjekjellaren, samt å innhente pristilbod på podium i frontpartiet.

Sak 39/15 Husleigesatsar Sykkylven kyrkje

Vi har i dag ein regel om at Sykkylven kyrkje skal ha 10% av billettinntektene ved lokale konserter og liknande arrangement. Det har kome nokre forslag til at vi set eit tak på inntektene, for eksempel kr. 8000,- for arrangement som er for lag/organisasjoner innan Sykkylven kommune. Sjå eige vedlegg for leigesatsar.

Vedtak:

Soknerådet set eit «tak» på kr. 8.000,- som maks husleige for kvar framsyning for leige av kyrkjerommet til lag/organisasjonar innan Sykkylven kommune.

Sak 40/15 Val av medlemmer til Bispedømerådet

Rådet tok ein samtale om dette før vi gjekk over til val. Det vart gjennomført val i lukka avlukke.

Sak 41/15 Trusopplæringsplanen for Sykkylven kyrkjelyd

I forkant av møtet vart trusopplæringsplanen utarbeida av vår fantastiske medarbeidar Ingrid Fredly. Medlemene var oppfordra til å lese planen før møtet.

Vedtak:

Sykkylven sokneråd meiner det er lagt ned eit godt arbeid med trusopplæringsplanen. Soknerådet registrerer at det er satsa mykje på kor og mindre i breidde for å nå dei som fell utanfor song og musikk. I hovudsak er det unge jenter som deltek i kora. Soknerådet saknar faste aktivitetar som kan engasjere unge gitar og ungdom generelt til faste aktivitetar i ei kristen ramme.

Soknerådet ønskjer at det vert utarbeida ein bevist strategi for Facebook, instagram og andre sosiale media, og ta i bruk dette for å fremje kontakt og informasjon om aktivitetane i kyrkja. Heimesida bør også vere meir «levande»


Ein saknar og sidetall/botntekst på trusopplæringsplanen.

Soknerådet skal i neste møte halde fram med diskusjonen av trusopplæringsplanen, og korleis den kan konkretiserast.

Eventuelt:

Eldres Dag:

Soknerådet tok til vitande at det på «Eldres dag» den 08.11.2015 «berre» kom ca 60 gjestar, mot tidlegare gonger då det var rundt 100 gjestar. Dette kan ha sin årsak i at det var Farsdag same dag. Ein vil for «Eldres dag» komande år passe på at den ikkje vert arrangert på dagar med «konkurerande» aktivitetar.



Sykkylven sokneråd

Dåp:

Det har kome misnøye frå dåpsfolk som ville ha dåp i kyrkja og som har fått beskjed om at det var fullt den dagen dei ynskte. Rådet er uroa over kva signal dette kan gje til potensielle dåpsfamiliar og hindringar dette kan føre med seg i høve å få fleire til å bli døypte. Vi må sjå dette i samanheng med minkande dåpstal og «Dåps-satsinga» til Den Norske Kyrkje. Soknerådet skal ta dette opp som eiga sak i neste møte.

Orientering om:

- Neste møte 08.12.2015 kl. 19.30

Referent: Knut Hennig Aursnes